



2024

ÅRSPLAN OG INFOHEFTE
RINGSTAD BARNEHAGE
-SAMAN OM EIN TRYGG BARNDOM!



PERSONALET HAUSTEN 2024

NAMN	STILLING	TELEFONNR
Susan Aambakk Helsem	Einingsleiar	464 111 30, 926 77 414
Hilde Langlo Brekke	Assisterande styrer	464 118 44, 957 05 466
Avdeling Fjorden:		
Wenche Merete Eliassen	Pedagogisk leiar	
Hanne Beate Uri	Pedagogisk leiar	
Susanne Brunvær	Pedagogisk leiar	
Sølvi Fylling	Fagarbeidar	
Anne Kathrin Flydal	Fagarbeidar	
Oksana Korniienko	Språkpraksis	
Avdeling Bygda:		
Bodil Tronstad Lie	Pedagogisk leiar	
Eva -Iren Nordang	Fagarbeidar	
Elin Opsvik	Assistent	
Daria Kozhushko	Assistent	
Avdeling Fjellet:		
Jeanette Hareide	Pedagogisk leiar	
Solfrid Kjølås	Pedagogisk leiar	
Susanne Brunvær	Pedagogisk leiar	
Ann-Mari Nordang	Fagarbeidar	
Ingvild Alnes	Fagarbeidar	
Gro Monika Drege	Fagarbeidar	
Inna Kalinkova	Språkpraksis	
Andre:		
Ingunn L. Gundersen	Spesial pedagog	
Aylin Syuleyman	Vikar	
Olga Tselempi	Reinhalder	

Telefon nummer til avdelingane:

Fjorden: 464 111 35 og 464 111 36

Bygda 464 111 37 og 464 110 28

Fjellet 464 115 66

BARNEHAGEN

Ringstad barnehage er ein kommunal barnehage som ligg i ein gammal eplehage. Barnehagen ligg bak ungdomskulen og idrettshallen. Den eldste delen vart bygd i 1988, med nytt påbygg i 2007.

Ringstad barnehage har eit stort og fint uteområdet dette nyttar vi så mykje vi kan heile året. Rett nedom barnehagen ligg Skogen vår, den har foreldra vore med på å utvikle gjennom mange år med aktiv dugnadsinnsats. Her har vi grue, gapahuk og flott natur som barna får boltre seg i. Vi er veldig stolte av å ha eit slikt innhaldsrikt og fint uteområde til disposisjon for barna i barnehagen vår.

I år har barnehagen tre avdelingar: **Fjorden** og **Bygda** er storbarnsavdeling med barn i alderen 3-5 år og **Fjellet** som er småbarnsavdeling med barn frå 1-2 år

OPNINGSTID

Barnehagen er open fra 06.40 – 16.15 måndag til fredag

Opphaldstida er maks 9 timer per dag, **full plass = 45 timer per veke.**

Opphaldstida på 9 timer er inkludert levering og henting.

Ved for seint henta barn etter kl. 16.15 blir det sendt ut ekstra faktura på kr 500,-

Dagen ser i hovudtrekk slik ut

06.40	Barnehagen opnar
Ca.07.30-08.20	Frokost for dei som ønsker det
08.20-10.20	Aktivitetar knytt til tema og leik
10.20-11.00	Formiddagsmat
11.00->	Utetid /soving for dei som treng det
13.50-14.20	Ettermiddagsmat
14.20	Leik ute eller inne
16.15	Barnehagen stenger

SAMARBEIDSUTVAL OG FORELDRERÅD

For å sikre samarbeidet mellom heim og barnehage, skal kvar barnehage ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd (jr. Lov om barnehagar). **SAMARBEIDSUTVALET (SU)** skal godkjenne barnehagen sin årsplan og få innsyn i budsjett.

FORELDRERÅDET (FAU)

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldra vel dette styret sjølv (godkjenning av nytt styre skjer på første foreldremøte etter sommaren). Foreldrerådet skal vere eit bindeledd mellom foreldregruppa og barnehagen. Foreldrerådet kan ta opp saker som er til det beste for barna i barnehagen. Foreldrerådet sitt ansvar er å sikre og fremje samarbeidet mellom heim og barnehage.

FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVALG (FAU) 2024 – 2025

- | | |
|---------------------------|-----------------------|
| • Bente Hole | leiar |
| • Dominika Espelund | kasserar og nestleiar |
| • Lone R. Å. Øverland | valnemnd |
| • Martine Slyngstad | valnemnd |
| • Kingsley Boakey | dugnadskomite |
| • Christopher L.D. Parson | dugnadskomite |
| • Jozef Bieniek | dugnadskomite |
| • Julia Popova | dugnadskomite |

SAMARBEIDSUTVALET (SU) 2024 - 2025

- Bente Hole, foreldrerepresentant og leiar
- Dominika Espelund, foreldrerepresentant og nestleiar
- Ann-Mari Nordang, personalrepresentant
- Eva-Iren Nordang, personalrepresentant
- Solfrid Blindheim, kommunalrepresentant
- Susan Aambakk Helsem, sekretær/einingsleiar

KORLEIS KAN DYKK SOM FORELDRE/ FØRESETTE PÅVERKE BARNEHAGEN SI VERKSEMD?

- Dagleg kontakt i bringe- og hentesituasjon
- Kontakt med foreldrerådet
- Representant i samarbeidsutvalet
- Vere ein aktiv deltakar i evaluering/brukarundersøkingane i barnehagen.
- Ta kontakt med personalet
- Foreldresamtalar haust/vår

MÅNAD	AKTIVITETAR/ARRANGEMENT
September	Foreldremøte
Oktober	Foreldresamtalar /FORUT aksjon
November	Foreldresamtalar
Desember	Lucia Nissefest Barnehage gudsteneste
Februar	Karneval
Mars /april	Foreldresamtalar
Mai	Foreldresamtalar
Juni	Avslutningstur og -markering for førskulebarna Sommarfest (regi foreldrerådet)

DETTE TRENG BARNET DITT I BARNEHAGEN

- Ekstra klede som må ligge i barnehagen til ei kvar tid er:
Undertøy, strømpebukse, sokkar, genser, t-skjorte(body), bukse/tights og innesko som kan brukast på gym.
- Klede til ute-bruk: støvlar, regnklede, vottar, hue og panneband.
Vinterdress, parkdress, fleece /ullklede, cherrox/vintersko.
- Viktig å merke alle kle og sko som barna har i barnehagen.
- Bleier og eingongs-vaskekltutar til dei som brukar det.



HOVUDMÅL FOR RINGSTAD BARNEHAGE

I Ringstad barnehage skal alle barn bli sett og høyrt og respektert for sine synspunkt.

Kvardagen vår skal vere prega av rausheit, respekt, glede og humor.



SATSINGSOMRÅDET HAUST/VINTER 2024

Vi forsette arbeidet med **ERASMUS+**, som er eit partnarskap der vi utvekslar erfaringar, kunnskap og utviklar eit samarbeids- nettverk gjennom internasjonalisering med andre europeiske land innanfor barnehagesektoren. Landet vi var valt å samarbeide med dette barnehage året er **Litauen**. Prosjektet går ut på å få ei auka forståing for kvarandre sine kulturar, språk, hauste erfaringar og kunnskap frå kvarandre som vi kan nytte i vår barnehagekvardag.

I tillegg skal dei tilsette få kompetanse heving i dei **7 samhandlingsforløpa** til Helse Møre og Romsdal. Målsetjinga er å sikre samanhengande tenester mellom kommunar og spesialisthelsetenesta for barn og unge med psykiske lidinger i Møre og Romsdal, og gi barn og unge med psykiske vanskar «rett hjelp – på rett stad – til rett tid». Forløpa er først og fremst laga for at fagfolk skal gi barn og ungdom eit samanhengande hjelpetilbod, men du finn også informasjon for barn, ungdom og føresette om kor ein kan få hjelp.

Dei sju samhandlingsforløpa

- Angst og bekymring hos barn og ungdom
- Autismespekterforstyrring hos barn og ungdom
- Bekymring for barn 0-3 år
- Kroppsleg uro og merksemndsvanskar hos barn og ungdom
- Spisevanskar og spiseforstyrningar hos barn og ungdom
- Triste følelsar og depresjonsplager hos barn og ungdom
- Vald, overgrep og omsorgssvikt

MÅLTID I BARNEHAGEN



Vi serverer tre måltid for dag.

Barnehagen kjøper inn alt. Måltida består av brød/knekkebrød, grønsaker, frukt, ulike pålegg som kjøtt, fisk og frukt. Vi kjøper også inn yoghurt som vi serverer med havregryn og frukt av og til.

I tillegg har vi fast varmmat/baking kvar veke, pluss fast grautmåltid og suppemåltid. Når vi lagar varmmat eller bakar, rullerar barna på å vere med på å tilberede maten for resten av barnegruppa.

Matpengar er kr 365,- per månad. Dette kjem i tillegg til betaling for barnehageplassen.

Faktura blir sendt ut kvar månad frå Stranda kommune.



BURSDAGSFEIRING:

Barna feirar bursdagen sin i barnehagen ved at vi lagar krone til dei, syng bursdagssong og kosar oss med noko godt i lag med resten av barnegruppa. Barna/de foreldre kan velje mellom ulike ting, dette kan vere litt sesong avhengig. Det blir i forkant lagt ut melding på Visma, der vi spør kva de foreldre ønsker til barnet si feiring med nokre få alternativ.

INVITASJONAR TIL PRIVAT BURSDAGSFEIRING:

Det er ikkje lov å legge ut invitasjonar til private bursdagsfeiringar i hyllene til barna.

Barna er svært opptekne av invitasjonar og diskuterer kven som er invitert og ikkje. Vi kan vere behjelpelege med telefon nr/adresser til barna om de treng det 😊.

LEIGE AV BARNEHAGEN:

De som foreldre kan leige barnehagen på ettermiddag og kveldstid til f.eks. bursdagsfeiring eller andre anledningar som de måtte ønske. Dette må avtalast med personalet i barnehagen.

Pris for leige kr 350,- per døgn.

FØRSKULE:



Forskulegruppa (barn som går siste året i barnehagen før skulestart) har eit eige opplegg ein gong for veka (sjå eigen plan for dette). Planen er utarbeida etter ein «mal» som alle barnehagane i Stranda kommune brukar.

”Malen” gir ein peikepinne på kva forskulebarna skal få kjennskap til og på denne måten får ein eit tilnærma likt utgangspunkt før skulestart.

MÅL FOR FØRSKULE:

- Skape samhald og danne vennskap.
- Få kjennskap til matematiske omgrep og tala frå 1-10.
- Få ei forståing for språket vårt og alfabetet

OVERGANG BARNEHAGE- SKULE:

Stranda kommune har laga ein plan for korleis overgangen mellom barnehagen til skulen skal vere, ”**Den gode skulestart**”. Dette er ein plan som forpliktar både barnehagen, skulen, helsestasjonen og eventuelt PPT.

For barnehagen inneber planen i hovudtrekk:

- 4/5 forskuletreff for alle barnehagane.
- Foreldresamtalar haust og vår med fokus på skulestart og førebuing til dette.
- Besøke Ringstad skule.
- Besøk av 1.klassingane på hausten.
- Besøk av 1.klasselærar i barnehagen våren/sommaren før skulestart

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode vilkår for utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.



NYE BARN

Nye barn i lag med foreldre blir invitert til barnehagen før oppstart. Det blir sendt ut informasjon og løyveskjema på førehand som de tek med tilbake til barnehagen på besøksdagen. Under dette besøket har vi ein uformell samtale med foreldre der vi utvekslar informasjon, slik at oppstarten blir så trygg og god som mogleg både for foreldre og barn. Helseattest skal vere signert før barnet startar i barnehagen.



TILVENNING

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barna får ein trygg start i barnehagen. Dette gjer vi ved å organisere tid, tilpasse rutinar og ha ein god dialog med foreldra og deira ynskjer og behov. Tilvenning og det å bli trygg i barnehagen er veldig individuelt. Det vi erfarer er at det kan vere lurt å sette av litt tid dei første vekene både til å vere i lag med barnet i barnehagen men også fleksibilitet til å hente barnet litt tidlegare i starten (kortare dagar). På den måten får barnet tid til å bli kjent med dei nye vaksne og eit nytt miljø.

KONTAKT MELLOM HEIM OG BARNEHAGE



VISMA APP

Min Barnehage Foresatt er ein kommunikasjonsapp som du lastar ned på telefonen din gratis.

Kommunikasjon er kun mellom barnehagen og de som foreldre. Ved å bruke denne appen kan du trygt kommunisere med dei tilsette i barnehagen og barnehagen kan kommunisere med de som foreldre. Ved å bruke denne appen vil dei tilsette ha god oversikt over barna i barnehagen. All kommunikasjon går via app og de vil få innføring i korleis de tek den i bruk frå barnehagen.

DAGLEG KONTAKT

Den daglege kontakta når barna kjem og blir henta er viktig. Då kan vi gi og ta imot beskjedar og snakke om ting som har skjedd i løpet av dagen. For de skal kunne snakke med barna sjølv har vi tatt i bruk Dagbok funksjon på Visma appen. Her kan de som foreldre halde dykk orientert om kva vi har heldt på med både via tekst og bilder. Vi opplever at ved å bruke bilder kan de lettare komme i ein dialog med barnet om deira opplevelingar rundt barnehagekveldagen. Vi brukar Visma app til å gi beskjedar, meldingar m.m., så ver flink å gå inn å sjekk om der er noko nytt du som foreldre treng å vite.

FORELDRESAMTALAR

Pedagogane kallar inn til foreldresamtale to gongar i året. Dette er ein samtale der foreldre får vite om barnet sitt og kvardagen dei har i barnehagen. Foreldra får også eit innsyn i det barnehagen ser av progresjon og utvikling jamfør «Alle med» skjema og vanlege observasjonsskjema. Foreldra får på førehand informasjon om kva for punkt vi ynskjer ein kan tenke over før samtaLEN og om der er spesielle ting vi bør ta hensyn til. Dei innspel foreldra kjem med under samtaLEN blir også ført inn i skjema. Det er sjølv sagt mulig å avtale foreldresamtalar utover dette dersom ein ønskjer det.

FORELDREMØTE

Barnehagen arrangerer 2 foreldremøter i løpet av barnehageåret. Eit på hausten, der ein har val av foreldrerådet, samarbeidsutvalet og informasjon om barnehagen sine planar framover. På våren, eit foreldremøte der ein evaluerer barnehageåret, eller tema som kan gi både foreldre og personalet litt "fagleg påfyll" frå ulike faginstansar som vi samarbeidar med gjennom eit barnehageår.

DOKUMENTASJON



HALVÅRSPLAN

Halvårsplan er den pedagogiske delen av årsplanen og må sjåast i samanheng med den. Innholdet i halvårsplanane skal synleggjere kva barna opplever, lærer, får kjennskap til og gjer i barnehagen. Planen skal vise dei 7 fagområda og krava som Rammeplan 2017 pålegg oss. Når ein utarbeidar ein halvårsplan tek vi utgangspunkt i Rammeplan 2017 og dei 7 fagområda som står der (www.udir.no). Halvårsplanen er eit reiskap som vi brukar som utgangspunkt når vi utarbeidar vekeplanar.

VEKEPLANAR

Vi deler ut planar for 2-4 veker i gongen. Planane heng på døra i garderoben og på Visma app. Vekeplanane er ein meir detaljert plan som har sitt utgangspunkt i halvårsplan. Barna si interesse og engasjement er noko vi legg stor vekt på og skal gjenspegle det som står i vekeplanen.

UTVIKLINGSMØTE

Om lag ein gong i månaden har personalet utviklingsmøte. Er det saker du vil vi skal ta opp der kan du gi beskjed til styrar. Du kan også ta det opp med leiar i foreldrerådsstyret, så kan leiaren formidle det vidare til styrar. Tema på møta er blant anna fagleg påfyll, HMS og evaluering av det pedagogiske opplegget og kvardagssituasjonar.

EVALUERING

Evaluering av halvårsplanane blir gjennomført ved nyttår og i juni. Evalueringane blir nytta som eit reiskap for seinare planar og vidare arbeid i barnehagen.

BILDE

Vi tek mange fine bilde i barnehagen. Gjennom bilde blir kvardagen i barnehagen, turar og andre aktivitetar dokumentert. Utvalgte bilde blir lagt inn på Visma dagbok ca. 1 gong per veke av og til oftare alt etter kva som skjer. Nokre bilde blir lagt i barna sin minneperm. Minnepermen blir fylt med bilder frå barnet startar til det sluttar i barnehagen. I tillegg ligg det gjerne teikningar og anna formingsaktivitetar barnet har halde på med opp igjennom barnehagetida. Permen får barnet når det sluttar i barnehagen.

BARNEHAGEN SITT INNHALD

Barnehagen skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemd og ein kulturerande og kulturformidlande institusjon.

"Lov om barnehagar" og "Rammeplan for barnehagen" gir retningslinjer for barnehagen sine oppgåver og innhald.

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN



Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Målet med Rammeplanen er å gi styrar, pedagogisk leiar og resten av personalet ei forplikta ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.

For å lette barnehagen si planlegging av eit variert og allsidig pedagogisk tilbod, er barnehagen sitt innhald delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.

Korleis fagområda blir tilpassa det enkelte barn og gruppa sine interesser og det lokale samfunnet, er opp til den enkelte barnehage å bestemme.

Dei sju fagområda:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Mengd, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærerhøg og samfunn.

Eit fagområde vil sjeldan eller aldri opptrer åleine. Dei vil vere representert gjennom tema arbeid og i samband med kvardagsaktivitetane (sjå halvårsplan).

Rammeplanen kan lastast ned her: www.udir.no

VÅRE SAMARBEIDSPARTNERAR



PEDAGOGISK- PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT er ein fagleg instans som kan gi sakkunnig vurderingar og tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ynskjer samarbeid og hjelp i forhold til enkeltbarn, må foreldra gi samtykke til dette.

BARNEVERNET

Barnevernet si hovudoppgåve er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga får nødvendig hjelp og omsorg. Barnehage og barnevernet er to av fleire aktørar som er med på å skape trygge oppvekstvilkår for barn.

Tilsette har plikt til å melde frå dersom ein har mistanke om at barn vert utsette for omsorgsvikt.

HELSESTASJONEN

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggande og helsefremmende arbeid for å trygge barn sine oppvekstvilkår i kommunen. Og for å foreslå at det vert søkt barnehageplass for barn med særskilde behov.

Barnehagen kan søke råd, og formidle kontakt mellom barna sin heim og Helsetenesta.

KOMMUNEN

Stranda kommune har tilsynsmynde for alle barnehagane i kommunen.

Det er felles opptak til barnehagane i Stranda Kommune.

Styrar deltek på Leiarforum som blir leia av Rådmannen. I Leiarforum er det administrasjonen og alle einingsleiarane som møtest og diskuterer saker som angår kommunen og dei ulike einingane.

Styrar er og på "Styrarmøte". Desse møta blir leia av kommunalsjef oppvekst og er eit felles møtepunkt for dei kommunale og private barnehagestyrarane.

BTI (Betre Tverrfagleg Innsats)

Betre tverrfagleg innsats er ei gruppe som består av barnehagen, PPT, Helsestasjon, Barnevern. Styrar kallar inn til møte 2 gongar i året for å kunne diskutere saker som kan løysast på lavast mogleg nivå og så tidleg som mogleg. Dette er for å kunne fange opp og hjelpe barn raskare enn det vi har klart tidlegare.

VERDIVEGGANE TIL RINGSTAD BARNEHAGE



BARNEHAGERUTA FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR 24/25

August:

Tirsdag 6.august første dag etter sommerferien.

Desember:

Mandag 23.des til 3.januar, juleferie og plandag barnehagen er stengt.

Januar:

Mandag 6.januar er første dag etter nyttår.

April:

Mandag 14.april til mandag 21.april, påskeferie og plandag barnehagen er stengt. Tirsdag 22.april første dag etter påske.

Mai:

Fredag 30.mai plandag, barnehagen er stengt



Juli:

Barnehagen er stengt. Sommerferie veke 28, 29, 30 og 31.



Kontakt info til barnehagen

E-post til einingsleiar og assisterande styrer:

susan.helsem@stranda.kommune.no eller tlf. 464 111 30

hilde.brekke@stranda.kommune.no eller tlf. 464 118 44

E-post til pedagogisk leiarane:

bodil.lie@stranda.kommune.no BYGDA

wenche.eliasen@stranda.kommune.no FJORDEN

hanne.beate.uri@stranda.kommune.no FJORDEN

suzanne.brunvar@stranda.kommune.no FJELLET

jeanette.hareide@stranda.kommune.no FJELLET

solfrid.kjolas@stranda.kommune.no FJELLET

Telefon nr til avdelingane:

Fjorden 464 111 35 eller 464 111 36

Bygda 464 111 37 eller 464 110 28

Fjellet 464 115 66

Adresse til Ringstad barnehage:

Ringstad barnehage

Hevsdalsvegen 44

6200 Stranda

